



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Kommunal støtte

Vedlegg

- 1 Føreslegne nye retningslinjer for kommunal støtte

Dokument i saka

Bakgrunn

Det vedtekne budsjettet har ingen post, øyremerkt til støtte til enkelt-prosjekt/tiltak/bedrifter. Samstundes står det i den vedtekne næringsplanen følgjande:

Tiltak i 2026

- Rådgjeving til nye og eksisterande verksemder, blant anna gjennom Start opp Vest-Telemark
- Initiere og legge til rette for etablering av nye verksemder der det er potensial, slik som datasenter
- Finansiell støtte til etablering og utvikling av verksemder via kommunalt næringsfond
- Finansiell støtte til næringslag/destinasjonsselskap
- Finansiell støtte til ekstraordinære straumutgifter
- Oppdatere retningslinjer for kommunalt næringsfond

Vyar

- Dedikert kontaktperson i kommunen og årleg oppfølging for verksemder som ønskjer det
- Følge med på og kommunisere nasjonale og regionale støtte- og prosjektmidlar på en meir systematisk måte og tilby hjelp til søknadsskriving. Ha oversikt over finansieringsbehov og korleis desse kan møtast med privat kapital, folkefinansiering osv
- Utvikle den kommunale rådgjevinga til å inkludere tema som grøn omstilling, klimatilpassing, nye miljøkrav etc.
- Framstøyt for å lokke kraftkrevjande industriaktivitetar til kommunen
- Utnytte regionale næringssatsingar meir aktivt, slik som Google sitt datasenter og Langskip-prosjektet i Grenland

Det er difor naudsynt å endre dette i næringsplanen slik at det er samsvar mellom næringsplan og det som er vedtatt handlings- og økonomiplan.

Alternativt må ein lage eit opplegg som kan vurdere einskilde søknadar.

Vurdering

Det er usikkert om ein skal tolke det vedtekne budsjettet slik at det ikkje lenger er mogleg å søkje om tilskot frå næringsfondet. Dersom det er slik må ein endre næringsplanen monaleg, då det er nedfelt i der at kommunen kan hjelpe til med finansiering. Dei vedtekne retningslinene for slike tilskot må òg leggest bort.

For fleire verksemder har tilskota vore naudsynt i deira utvikling, og i einskilde høve vore redninga for verksemda. Sakshandsamar ynskjer alternativt å kunne behalde ein moglegheit for å gje tilskot, men at ein eventuelt ser på retningslinene for slike tilskot.

Det er òg naudsynt å gjera ei utgreiing i kvar sak om det er rom for å gje tilskot ut frå det som til ein kvar tid er disponibelt på næringsfondet.

Kommunedirektøren er usikker då han på den ein sida meiner at næringsfondet er etablert for nettopp å styrkje næringsutviklinga, og at ein difor bør ha ein moglegheit og ei retningsline i høve til å søkje om støtte i høve til nye retningsliner, men på den andre sida ser at det er behov for å auke handlingsrommet i av økonomien til Vinje kommune.

Dersom ein heilt skulle avvike høvet til å søke om næringsstøtte, så vil dei næringsaktørane som får kommunen «med på laget» i ei eller anna form (tilrettelegging av infrastruktur, grunnnerv, direkte eigarskap osv.) kome svært mykje betre ut enn dei som ikkje får slik draghjelp. Dette synast såpass urimeleg, at kommunedirektøren vil tilrå at kommunen held fram med å kunne støtte næringslivet på visse vilkår.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune held fram med å støtte einskildprosjekt etter søknad. Søknader blir slutthandsama i kommunestyret.

Kommunestyret godkjenner nye retningsliner for støtte.